

Årsmelding Utdanningsforbundet Fjaler

Lokallagsstyret

I denne perioden har lokallagsstyret bestått av:

Namn	Arbeidsplass	Medlemsgruppe	Verv	Periode
Leiarverv				
Eifrid Renate L. Nitter	Dingemoen skule	GRS	Leiar – 28% frikjøp (UDF)	2022-2024
Ragnhild Tveiten	Flekke skule	GRS	Nestleiar	2023-2025
Styremedlemmar				
Elisabeth Hove	Dingemoen skule	GRS	HTV – 20% frikjøp (Fjaler kommune)	2023-2025
Synnøve Kristin S. Lundgård	Dingemoen skule	GRS	Kontaktperson GRS	2023-2025
Kjersti Yndestad	Yksnebjør barnehage	BHG	Kontaktperson BHG	2023-2025
Mette Kvamme	Dale VGS	VGO	Kontaktperson VGO	2022-2024
Turid Straume	Yksnebjør barnehage	BHG	Leiarmedlem	2022-2024
Vara styremedlemmar				
Mari Kyrkjebø	Dale VGS	VGO	1.vara	2023-2024
Bente Haugen	Flekke skule	GRS	2.vara	2023-2024
John Kåre Myklebust	Dingemoen skule	GRS	3.vara	2023-2024

I tillegg Kari Heier Nistad, pensjonistrepresentant, deltatt på styremøta med tale- og forslagsrett.

Styremøte

I 2023 vart det gjennomført 9 styremøte i lokallaget.

Viktige saker i året som har gått:

- Politiske saker knytt til oppvekstsektoren
- Personalsituasjon i barnehage og skule
- Mangel på vikarar
- Skulebruksplan i Fjaler
- Etterlyser strategisk plan for Fjalerskulen
- Innhald planleggingsdagar
- Medbestemmingsrett på arbeidsplass-og kommunenivå
- Planlegging og førebuing/ etterarbeid arrangement

Ny kommunalsjef oppvekst har også vore og presentert seg i møte med styret. Her fekk styret stilt aktuelle spørsmål, og oppdatert kommunalsjefen på dei viktigaste sakene Utdanningsforbundet Fjaler arbeider med

Arbeidsplassstillitsvalde i lokallaget

Under ser du ei oversikt over kven som har vore tillitsvalde på arbeidsplassane i denne perioden.

Arbeidsplass	Namn	Verv	Periode
Våge skule og bhg	Odin Hestholm	ATV	2023-2025
Flekk skule	Anita Nyland Skår	ATV	2023-2025
Flekk barnehage	Birte	ATV	2022-2024
United World College	Paulina Onnerstad	ATV	2022-2024
Dingemoen skule	Synnøve Kristin Strand Lundgård	ATV	2023-2025
Dale vidaregåande skule	Ingrid Rivedal Yndestad Mette Kvamme	ATV	I permisjon 2023-2024
Elvetun barnehage	Inger Vårdal	ATV	2022-2024
Yksnebjør barnehage	Kjersti Yndestad	ATV	2023-2025
HAFS PPT	Monika Nyland	ATV	2022-2024

Utval, råd og fora

Lokallagsstyret har oppnemnt forhandlingsutval. I tillegg har pensjonistane oppnemnt to representantar som lokallagsstyret har ekstra kontakt med i saker som vedkjem pensjonistmedlem i Fjaler.

Forhandlingsutvalet består av leiar Elisabeth Hove, og Eifrid Renate Lillefosse Nitter og Kjersti Yndestad er medlem. I 2023 var det lokale forhandlingar for leiarmedlem.

Pensjonistane har utnemnt Norman Vik og Kari Heier Nistad som representantar for pensjonistane. Eifrid Renate Lillefosse Nitter er pensjonistrepresentant opp mot fylkesstyret, og Kari Heier Nistad har teke på seg ansvar for kontakt med pensjonistkontaktar i andre lokallag.


Medlemmar

Utdanningsforbundet Fjaler har per 14.02.2024 167 medlemmar.

Medlemstrender



Medlemmer pr i dag



Medlemstalet i Utdanningsforbundet Fjaler har heldt seg stabilt, og fordelinga mellom medlemsgrupper og aldersspennet held seg også nokså stabilt.

Prioriterte saker for Utdanningsforbundet Fjaler i årsmøteperioden.

- KS debathefte – informere politikarane av konsekvensar av deira vedtak knytt til dette.
- Politisk påverknad i saker som vedkjem Utdanningsforbundet. Vi er no kjende blant fleire av politikarane, og opplever at dei lyttar til våre innspel.

- Arbeide for å bli kjende med nye tilsette i administrasjonen, og få ei stemme inn i medbestemming.

Arbeidsområde	Tiltak/mål	Oppsummering
Arbeidsplassane	<ul style="list-style-type: none"> • LL og HTV skal ha god kontakt med plasstillitsvalde • Følge opp arbeidsplassar utan tillitsvald, og arbeide for at alle arbeidsplassar har tillitsvald • LL/ HTV skal tilby seg å besøke arbeidsplassar, og/ eller delta på klubbmøte • Bidra til at profesjonsetikk blir debattert på alle arbeidsplassar ved å 	<ul style="list-style-type: none"> • Det har vore jamleg kontakt mellom LL/HTV/ATV gjennom e-post, telefon og i møter • Alle arbeidsplassar i oppvekstsektoren i Fjaler har hatt tillitsvald i2023 • LL HTV har vore på enkelte arbeidsplassar og delteke på klubbmøter. Dette fortset vi med i 2024. • Aktuelle saker har blitt sende ut til klubbane for diskusjon

	<p>spele inn aktuelle saker til klubbmøter</p> <ul style="list-style-type: none"> • Bidra til at medlem kjenner til medlemsfordelane. Sende ut informasjon kvar haust • Fokus på verving kvar haust og ved nyttilsetjingar • LL og HTV skal vere aktive og informere dei tillitsvalde om saker som vedkjem medlemmane • Tillitsvalde har ansvar for å vidareformidle og sikre at alle medlem får informasjon frå lokallagsstyret og HTV • Plasstillitsvalde informerer HTV/ LL ved saker på eigen arbeidsplass som kan vere av interesse for lokallaget 	<ul style="list-style-type: none"> • Medlemsfordelane er informerte om ved skulestart • Dei tillitsvalde på arbeidsplassane gjer eit godt arbeid når det kjem til verving. Vi har stor grad av organisering i klubbane i Fjaler • Aktuelle saker blir informerte om til tillitsvalde i møter, på e-post eller telefon. Nokre gonger også i direkte kommunikasjon med aktuelle medlem på epost. • Inntrykket til lokallagsstyret er at dei tillitsvalde på arbeidsplassane syt for at informasjon frå styret blir vidareformidla til medlem. • Vi får jamleg førespurnadar frå dei tillitsvalde, og vonar dette fortset i det vidare. Nokre gonger kan styret med fordel få informasjon på eit tidleg stadium i saker. Dette må arbeidast vidare med å få rutiner på.
Treffpunkt	<ul style="list-style-type: none"> • Arrangere vår(årsmøte)- og haust-treff med føredragshaldar for alle medlem • Arrangere julemøte • Eige medlemsmøte med pensjonistane 	<ul style="list-style-type: none"> • 20.01.2023 gjennomførte lokallaget quiz for alle medlem 28.02.2023 blei årsmøte 2023 gjennomført med 23 deltakarar. 04.05.2023 hadde vi føredrag med Ingvard Wilhelmsen – Livet er et usikkert prosjekt • 23.11.2023 var det julemøte med heile 48 (43 møtte) påmelde. • 23.02.2023 var det pensjonistsamling på Kaia

	<ul style="list-style-type: none"> Lunsmøte for leiarmedlem 	<ul style="list-style-type: none"> 25.05.2023 arrangerte HTV og LL møte for leiarmedlemmane i lokallaget
Arbeidsområde	Tiltak/mål	Oppsummering
Lov og avtaleverk	<ul style="list-style-type: none"> Fylgje opp arbeidsavtalane og endringar i desse, for både PPT, barnehage og skule Arbeide for at Fjaler kommune legg til rette for at det er mogleg å gjennomføre plantid i arbeidstida med nok bemanning på avdelingane Arbeide for å påverke arbeidsgjevar sin personalpolitikk til medlemmane sitt beste LL følgje opp grupper som fell utafor det kommunale avtaleverket (private skular/ bhg/ andre) Arbeide for at tillitsvalde får sett av nok tid til å utføre vervet sitt Arbeide for gode vilkår i lønspolitisk plan 	<ul style="list-style-type: none"> Plasstillitsvalde tek kontakt ved behov og får bistand. Det har vore jobba for å få planfesta kveldsarrangement i arbeidstidsavtalen, i skule. Dette er jamleg på agendaen i møte med kommunalsjef for oppvekst, og i møte med dei pedagogiske leiarane og styrar. Arbeidet må halde fram. LL har drive aktivt informasjonsarbeid overfor politikarane for at dei skal få belyst arbeidstakersida sine synspunkt på ulike saker LL er involvert i personalsaker i privat sektor. Tilgjengeleg for tips og råd for medlemmar i denne gruppa HTV har delteke i partsamansett utval som har revidert lønspolitisk plan, og vore ei aktiv stemme i utforminga av planen. HTV har delteke i arbeidsgruppe for revidering av lønspolitisk plan, og har fått gjennomslag for nokre endringar som til dømes fjerning av makstal på pedagogar som får kontaktlærartillegg for oppfylgjing av einskilde barn. Arbeid for betre vikarsystem held fram.

	<ul style="list-style-type: none"> Arbeide for at kommunen lagar system som gjer det lettare å skaffe kvalifisert undervisningspersonell ved fråvær 	
Lokale forhandlingar	<ul style="list-style-type: none"> Vere i forkant av lokale forhandlingar og få til ein debatt om kva vi bør prioritere i forhandlingane, (også for andre medlemsgrupper enn skule og barnehagetilsette) Opprette eit lokalt årshjul med gjennomføringsplan for å sikre at ein får medlem sine innspel med i prosessen Gjennomføre lokale forhandlingar 	<ul style="list-style-type: none"> I 2023 har det vore forhandlingar i kap 3 for leiarane. Samla resultat i kapittel 3 vart over ramma for kapittel 4 Det var ikkje lokale forhandlingar i kapittel 4 i 2023 Lokale forhandlingar for leiarmedlem blei gjennomførte i oktober 2023
Omorganiseringar	<ul style="list-style-type: none"> Støtte medlemsgrupper eller einskildmedlem, og følgje prosessen tett ved eventuelle omorganiseringar 	<ul style="list-style-type: none"> Det har ikkje vore store omorganiseringsprosessar i oppvekst for 2023
Livsfasepolitikk	<ul style="list-style-type: none"> Arbeide for å få til ein god seniorpolitikk på alle arbeidsplassar. Definere og synleggjere kva god seniorpolitikk er. Arbeidsoppgåver lokalt, økonomiske/ tidsrammer kommunalt 	<ul style="list-style-type: none"> Mykje av desse tilpassingane skjer lokalt på dei ulike einingane, og lokallaget har ikkje involvert seg i dette arbeidet i 2023. Tema har ikkje vore oppe i saker mellom HTV og kommunalsjef oppvekst.

	<ul style="list-style-type: none"> • Arbeide for å få på plass ei mentorordning med like rettar på alle arbeidsplassar • Tilby medlemmar brosjyren "Snart pensjonist" året dei fyllar 62 år 	<ul style="list-style-type: none"> • Å få på plass ei god mentorordning i heile oppvekst har vore drøfta med arbeidsgjevar som eit viktig behalde-tiltak • Ikkje aktuelt
Arbeidsområde	Tiltak/mål	
Barnehage og grunnskule	<ul style="list-style-type: none"> • Følgje opp rammeplan for barnehagen • Påverke ressurstildeling i barnehage og skule • Sikre at medlemmane får ta del i etter- og vidareutdanningsmidla ne som er tildelt kommunen/ fylkeskommunen • Arbeide for at det blir sett av nok ressursar til læremiddel i skular og barnehagar • Tillitsvalde skal vere involverte ved særskilde høve som krev ekstra tiltak 	Sjå årsmelding frå HTV
Leiling	<ul style="list-style-type: none"> • Gjennomføre medlemsgruppemøte for leiarane i kommunen 1-2 gonger i året • Følgje opp leiaroffensiven 	<ul style="list-style-type: none"> • Det blei gjennomført ein leiarlunsj i 2023 • Det vart arrangert leiarmøte med fokus på rammevilkåra til leiarane. Dette vart fylgt opp av HTV

		i fleire møter med arbeidsgjevar, der rammevilkår for leiarane var tema.
Vidaregåande	<ul style="list-style-type: none"> Arbeide for å oppretthalde ei god breidde i skuletilbodet i den vidaregåande skulen i Fjaler Støtte arbeidet med å få på plass ein godkjend tariffavtale på UWC 	<ul style="list-style-type: none"> Klubben på Dale vgs er 9 aktive, og utarbeider gode uttaledokument i aktuelle saker. Styret støtter saker som vedkjem Dale vgs. Her har ATV og fylkeslaget stått på, men ein har ikkje lukkast med å få på plass ein avtale i år heller
Politisk påverknad	<ul style="list-style-type: none"> Arbeide aktivt opp mot politikarane i saker som vedkjem oppvekstsektoren 	<ul style="list-style-type: none"> Det er jamleg kontakt med politikarane i saker som er aktuelle.

Kurs og møter i 2023

Dato	Kurs	Arrangør	Tal deltakarar
10.-12.01.2023	LL-HT-FST-møte	UDF Vestland	2
24.01.2023	Medlemsråd/ leiarråd	UDF Vestland	1
02.02.2023	Kurs for kasserarar og lokallagsleiarar	UDF Vestland	1
16.-17.03.2023	Storkurs	UDF Vestland	5
09.03.2023	Årsmøte, UDF Fjaler	UDF Fjaler	22
23.03.2023	Pensjonistmøte	UDF Fjaler	8
04.05.2023	Føredrag: Livet er et usikkert prosjekt, Ingvar Wilhelmsen	UDF Askvoll, Fjaler og Hyllestad	48
09.-11.05.2023	Årsmøte UDF Vestland	UDF Vestland	2
25.05.2023	Møte for leiarmedlem	UDF Fjaler	6
14.-15.06.2023	LL-HT-FST-møte	UDF Vestland	2
27.-28.09.2023	LL-HT-FST-møte	UDF Vestland	2
19.09.2023	TV2	UDF Vestland	2
25.10.2023	Nettverkskurs for KS hovudtillitsvalde	UDF Vestland	2
23.11.2023	LL/HT kurs digitalt	UDF Vestland	2
23.11.2023	Julemøte	UDF Vestland	43
13.-14.12.2023	Lokallagsstyrekurs	UDF Vestland	5

Årsmelding frå hovudtillitsvald

I løpet av 2023 har det vore noko utskifting av samarbeidspartar hjå arbeidsgjevar. Ny kommunedirektør og kommunalsjef for oppvekst var på plass i løpet av sommaren, og det vart takka for samarbeidet med dei avtroppande. Dette gjer til at ein misser kontinuitet i noko av partsamarbeidet og at ein lyt gje det tid før nye samarbeidsstrukturar er etablert. Det er ytra eit ynskje frå ny kommunedirektør om ei større og tidlegare involvering av dei tillitsvalde i både

budsjettarbeid, men også i andre prosessar der det er naturleg. Ny kommunalsjef for oppvekst inviterte seg også inn på eit styremøte der han presenterte seg og det vart utveksla synspunkt om samarbeid. Vi vonar at det vert eit konstruktivt partssamarbeid i fortsetjinga.

Det har vore særskild utfordrande å rekruttere leiarar og pedagogar til ledige stillingar i 2023. Stillingar har vore lyst ut fleire gongar utan å få kvalifiserte søkarar. Dette er ei sak som Utdanningsforbundet Fjaler har meldt bekymring for til arbeidsgjevar, over lengre tid. Vikarmangel har vore, og er framleis krevjande hjå dei fleste einingane. Rekruttere og behalde har difor vore det største gjennomgåande temaet i mange av møta med arbeidsgjevar. Arbeid med sjukefråver har også vore eit aktuelt tema i desse møta.

Rammevilkåra for leiarane har vore ei viktig sak som også har vore jobba mykje med, opp i mot arbeidsgjevar.

Arbeidstilhøve og forskyvd arbeidstid vart tema for eit møte i ein av barnehagane.

Elles så har det vore eit jamleg arbeid med områda på handlingsplanen og oppfylging av einskildmedlem og grupper.

Revideringsarbeidet av lønspolitisk plan har bidrege til mange konstruktive diskusjonar der UDF har fått sin lønspolitikk høyrte. Det har også ført til viktige prinsipielle endringar og fokus på ein god lønspolitikk.

Andre partssamansette utval som Utdanningsforbundet har vore medlem av i dette året er arbeidsmiljøutvalet, administrasjonsutvalet, arbeidsgruppe kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis.

HTV har også delteke på sær møte, i tilsetjingsutval, leiarsamlingar i HAFS, medråderettsmøte med kommunalsjef og kommunedirektør, jamleg samling for tillitsvalde og arbeidsgjevar.

Kort oppsummert eit innhaldsrikt år der vi har fått gjennomslag for nokre av sakene våre, medan andre må vi halde fram arbeidet med i det komande året.